

---

**Fra:** Espeset Anders [mailto:Anders.Espeset@flora.kommune.no]  
**Sendt:** 1. oktober 2014 08:57  
**Til:** !Postmottak OED  
**Emne:** Høring om organisering av straumnett-Uttale frå Flora kommune

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Vår ref.  
14/2561-2//ANES

Dykkar ref.

Dato:  
30.09.2014

## **Høring om organisering av straumnett-Uttale frå Flora kommune**

Vi viser til Reiten-utvalet sin rapport «Et bedre organisert strømnnett» som ligg ute til høring fram til 1. oktober 2014.

Flora kommune v/rådmann har følgande uttale:

*Flora kommune sluttar seg til Fylkestinget i Sogn og Fjordane si høyringsfråsegn av 11. juni 2014 til rapporten Et bedre organisert strømnnett:*

*1. Fylkestinget ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon. Kraftforedlande industri som td Elkem Bremanger må få behalde si tilknytning på høgaste nettnivå, eventuelt at det vert ein nasjonal tariff for kraftforedlande industri. Konsekvensen av manglande løysingar kan bli nedbygging av industri og næring, og sterk svekking av utbygging av fornybar energi. Fylkestinget ber om ei utgreiing av ei nettleigeordning som tek hensyn til utfordringane i område med stort potensiale for produksjon av ny fornybar energi. Fylkestinget ber om tiltak som sikrar konkurransedyktige rammevilkår.*

*2. Noverande nettariffar stimulerer til å leggje tung forbruk av elektrisk energi til underskotsområde (vekk frå våre overskotsområde). Dette fører til dyrare nett og større tap i nettet. Ei ny ordning må gje prissignal som fremmar rasjonell bruk av ressursane.*

*3. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av*

*fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette.*

*4. Fylkestinget ser elles fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om DSO-organisering.*

Med helsing

Terje Heggheim  
Rådmann

Rolf Bjarne Sund  
Plansjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur*

ArkivReferanse:#7ae938c04ae8432d95aeaf32106f25a02014002561#ACOS.WEBSAK#